

# Handlingsplan for førebygging og tidleg innsats i Vågå



# INNHOLD

1	Innleiing	3
2	Lovverk og nasjonale føringer	3
3	Handlingsplan for førebygging og tidleg innsats i Vågå kommune	5
	3.1 Kommunen sitt ansvar og plikt til førebygging	6
	3.1.1 Mobbing og krenkande åtferd	7
	3.1.2 Skulefråvær og førebygging av fråfall i vidaregåande skule	8
	3.3 Førebygging og tidleg innsats - tre hovuddimensjonar	8
4	Kjernetenestene i oppvekstsektoren	9
	4.1. Kommunale og interkommunale tenester	9
	4.2 Tenester som ikkje er kommunale, men som er ein del av støttefunksjonane	9
5	Tverrfagleg samarbeid i Vågå kommune	10
6	System og rutinar	11
	6.1 Modellar for analyse og tiltak	11
	6.2 System for samhandling	12
	6.2.1 Interne støttesystem	12
	6.2.2 Betre tverrfagleg innsats, BTI-modellen	12
	6.2.3 Digital regional plattform	15
	6.3 Kompetanse i å bygge trygge barn og trygge relasjonar	15
	Vedlegg	17

# 1

## INNLEIING

Alle barn og unge i Vågå skal oppleve at dei har eit trygt, godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for å unngå at dei fell utanfor i skule, barnehage og på fritida. Vågå kommune skal ha ein solid kultur for inkludering og fellesskap for alle barn gjennom gode oppvekstvilkår og gode arenaer for læring og utvikling. Denne kulturen må understøttast av både politikarane, administrasjonen, tenestene, dei tilsette og føresette.

*Oppvekstreforma* kjem som ei følge av Lov om barnevern frå 2023, men også av endringar i velferdstenestelovene. Reforma omfattar alle tenester som arbeider med og rundt barn, unge og deira familiar.

Føremålet med reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren ved å gje tilpassa hjelp til barn og familiar, ivareta rettstryggleiken til barn og familiar, samt å få eit meir effektivt barnevern. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiene sine behov,

er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Langsiktig investering i barn og unges oppvekstmiljø gjev positive langtidsverknader, både i form av folkehelse, livskvalitet, kompetanse og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen si overordna målsetting er å vere med på å bygge eit robust fundament for livskompetanse og livsmeistring der heile det tverrfaglege laget rundt barnet må bidra.

Det betyr at barnehage, skule, helsestasjon, kulturskule, psykisk helse, NAV, barnevern, PPT, lege, fysioterapi og flyktningtenesta må legge til rette for godt tverrfagleg samarbeid for å avdekke behov for tiltak så tidleg som råd og på lågast mogleg nivå. Det er i den samanhengen viktig å legge vekt på helse- og omsorgsperspektivet for å forstå vanskane barnet og familien står i. Forsking viser at tidleg identifisering av utfordringar og iverksetting av tiltak for barn og unge, aukar sjansane for meistring og god utvikling.

Førebygging og tidleg innsats inneber at kommunane har tilbod om eit breitt spekter av tiltak tilpassa barn og familiar med ulike behov. Dette gjeld både lågterskeltiltak til barn og familiar som treng støtte til å handtere ein vanskeleg livssituasjon, og meir omfattande oppfølgings- og hjelpetiltak til familiar med store problembelastningar der risikoen for omsorgssvikt er høg. Men det er vel så viktig at barn og unge har eit allsidig og variert fritids-tidstilbod, som gode helsefremjande og førebyggande folkehelsetiltak.

Denne handlingsplanen for førebygging og tidleg innsats i Vågå beskriv overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet til barn og unge, korleis ansvaret skal fordelast mellom tenestene, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis dei ulike tenestene skal samarbeide.



# 2 LOVVERK OG NASJONALE FØRINGAR

Alle som arbeider med barn må heile tida ha med seg at det skal gjerast ei vurdering av barnets beste, og at barnet si stemme skal anerkjennast og bli høyrd. Dette er nedfelt både i FN sin konvensjon om barnets rettar og i Kongeriket Norges Grunnlov.

Dei ulike tenestene kring barnet og familien er regulert av eigne lover og nasjonale retningslinjer (helsestasjon og skulehelsetenesta).

For å styrke samarbeidet og koordineringa mellom desse tenestene utan at dei respektive lovverka er til hinder, kom det ei endring i 14 velferdstenestelover i 2022. Det er også utforma ein nasjonal fagleg rettleiar, Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. Her er mellom anna ulike risiko- og bekjettelsesfaktorar som alle som arbeider med barn og unge bør kjenne til, skissert.

**Handlingsplan for førebygging og tidleg innsats i Vågå kommune** er utarbeidd med bakgrunn i nasjonale føringar som er gjeve gjennom oppvekstreforma, og som er heimla i § 15-1 i Lov om barnevern:

*"Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier. Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide."*

Vidare er det nedfelt i **Hersedirektoratet sin nasjonale rettleiar om psykisk helsearbeid for barn og unge** om kommunen sitt ansvar kring det helsefremjande og førebyggande arbeidet:



*"Kommunens ledelse skal sørge for at kommunen har oversikt over faktorer som påvirker oppvekstsvilkår og den psykiske helsetilstanden til barn og unge i kommunen"*

*"Kommunens ledelse skal sørge for at planer inneholder mål og strategier for det helsefremmende og forbyggende arbeidet for barn og unges psykiske helse"*

*"Kommunens ledelse skal sørge for systematisk medvirkning fra barn, unge og deres foreldre ved planlegging og utvikling av helsefremmende tiltak og psykisk helsetilbud til barn og unge i kommunen."*

Å tilrettelege for eit godt oppvekstmiljø føreset kunnskap om kva barn og unge sjølv ønskjer og har behov for. Denne kunnskapen får vi best gjennom brukarmedverknad, til dømes ved at dei det gjeld blir spurt og lytta til. I følgje FNs konvensjon om barnets rettigheter artikkel 12 har barn rett til å seie si mening og bli hørt.

Barnet sine synspunkt skal tilleggast stor vekt i samsvar med alder og modenhet. Denne retten reflekterast i fleire lover som omhandlar barn, som barnehagelova, opplæringslova og barnevernlova. Vågå kommune har etablert ungdomsråd for å sikre deltaking og innverknad.

I **kommuneplan for Vågå 2017-2027 – Samfunnssdelen**, er tidleg innsats eitt av satsingsområda:

*"Investeringar i barndomen er avgjerande for helse gjennom heile livsløpet. Gode og trygge oppvekstmiljø gir barn ressursar til å utfalde seg, oppleve læring og meistring og førebygge fråfall i vidaregåande skule. Helseskilnader startar tidleg og pregar ofte individet gjennom heile livet. Det er viktig at hjelpa er heilsakleg, koordinert og blir sett inn i rett tid."*

**Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis** er eit statleg initiert kompetanseløft med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 6: *"Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO"*

Målet er at barn skal få tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule der dei får moglegheit til meistring, læring og trivsel uavhengig av føresetnader, samt at tenestene i laget rundt barnet skal jobbe for å skape inkluderande fellesskap med gode utgangspunkt for utvikling og læring.

Kompetanseløftet skal vere eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elever med behov for særskilt tilrettelegging.

Målsettinga er å styrke laget rundt barn/unge og utvikle lokale, interne støttesystem som kan bidra med støtte og rettleiing i det daglege der barn og unge er.

Vågå deltek saman med resten av regionen i kompetanseløftet fra 2022 til 2025.



# 3 HANDLINGSPLAN FOR FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS IVÅGÅ KOMMUNE

Den kommunale handlingsplanen bygger på den regionale strategiske planen "Oppvekststreforma – frå mage til vaksen" som beskriv strategiske val og innsatsområde i Nord Gudbrandsdalen, forankra i 6k oppvekst og 6k helse og vedteke i alle dei seks kommunane.

The diagram illustrates the "Oppvekststreforma – frå mage til vaksen" strategy. It features a central figure of a child with a heart, surrounded by various components:

- Førebygging og tidleg innsats** (top left)
- Bettere tverrfagleg samarbeid** (top right)
- Foreldrearbeid og foreldrestøtte** (right side)
- Ivaretakking av grunnleggande behov\*** (bottom right)
- Omsorg** (bottom center)
- Oppvekststilen** (vertical text on the right)
- Trygt barn og trygge relasjoner** (left side)
- Styrke kompetansen** (left side)
- Barnet si stemme og medverknad** (top left)
- Førebyggende media** (top left)
- Oppveksten til barnet** (center)
- Trygglekssirkelen** (center)
- Toleransevinndauge** (center)
- Pedagogisk analyse** (center)
- Haldningsskapande program** (center)
- Kompetanseløftet i barnehagar og skular** (left side)
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø** (left side)
- Tilhøyring** (left side)

**Styrke kompetanse i å bygge trygge barn og trygge relasjoner.**  
Regionen si satser er:

Inkluderande barnehage- og skulemiljø	Trygglekssirkelen
Inkludering betyr at kvar barn skal oppleve tryggleik, tilhørsel og meistring. Kvar og ein skal motast og respekterast ut frå eigne føresetnader.	Alle tilsette i laget rundt barnet skal møte barna ved å vere utviklingsstøttande gjennom kunnskap om Trygglekssirkelen. Alle føresetnar skal få tilbod om opplæring.
Kompetanseløftet i barnehagar og skular	Toleransevinndauge
Det skal byggast kompetanse og støttesystem tett på alle barn og unge med behov.	Alle barn skal motast med forståing for kjensler og reaksjonar. Alle tilsette i laget rundt barnet skal ha kunnskap om over- og underaktivitet, samt korleis ein kan jobbe med regulering.
Tilhøyring	Haldningsskapande program
Alle barn skal oppleve tilhørsle i gruppa. Åferda til barn må forståast ut frå den sosiale samanhengen den skjer i.	Kommunane bør bruke haldningsskapande program t.d. MOT eller UTSETT

\* Barn sine grunnleggande behov for mat, sovn, tryggleik, leik og stimulering blir ivaretakte på alle arenaer. Kunnskap om utviklingspsykologi, positiv regulerung og grensesetting saman med medverknad og tilrettelegging for læring og leik er viktig i omsorga for barn og unge.

Formålet med handlingsplan for førebygging og tidleg innsats i Vågå kommune er at alle barn i Vågå skal ha ein trygg oppvekst, gode oppvekstvilkår for å fremme god psykisk helse som grunnlag for god livsmeistring.

Dei overordna måla for oppvekst i Vågå skal vere førande for både organisasjonen Vågå

kommune, tenestene og dei tilsette. Det er god samanheng mellom måla og det som er nedfelt i samfunnsdelen i Kommuneplan 2017-2027 - Samfunnsdelen barn og unge, der tryggleik, førebygging og tidleg innsats er sentrale omgrep.

Gjennom oppfølginga av Vågå kommune sin handlingsplan for førebygging og tidleg innsats vil vi bidra til at:

- barn, unge og deira familie skal ha gode livsvilkår
- alle barn og unge skal oppleve å ha det trygt uansett kvar dei er, kvar dag og heile døgnet
- alle barn og unge skal oppleve trivsel, meistring, inkludering og innanforskaper der kvar enkelt utviklar seg med utgangspunkt i sine føresetnader
- alle barn, unge og deira familiar skal oppleve å få støtte og rettleiing frå tenestene og dei tilsette i tenestene

## 3.2 Førebygging og tidleg innsats - tre hovuddimensjonar

Førebygging retta mot barn og unge handlar fyst og fremst om å leggje til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle. Det handlar både om informasjon- og haldningsarbeid, samt konkret arbeid for å skape gode, trygge lokal-samfunn. Det er i den samanheng vesentleg at barnet sjølv skal kunne få informasjon og handlingskompetanse i å beskytte seg sjølv og ta gode val.

God førebygging inneber at kommunane har tilbod om eit breitt spekter av tiltak tilpassa barn og familiar med ulike behov. Dette gjeld både lågterskeltiltak til barn og familiar som treng støtte til å handtere ein vanskeleg livssituasjon, og meir omfattande oppfølgings- og hjelpetiltak til familiar med store problembelastningar der risikoene for omsorgssvikt er høg. Det betyr at kommunen må ha tiltaksbedskap på ulike nivå som famnar alle barn og unge.

Det kommunale ansvaret for førebygging av om-sorgssvikt og åtferdsvanskar omfattar førebygging på tre nivå; universell, selektiv og indikert.

**Universell førebygging** omfattar innsats retta mot alle barn og unge utan at ein har identifisert individ eller grupper med forhøga risiko. Gjeld 75-85% av alle barn og unge. Kontinuerleg.

**Selektiv førebygging** er tiltak retta mot grupper med kjend og/eller forhøga risiko for å utvikle problem. Tiltaka skal motverke negativ utvikling hos barn og unge og/eller deira foreldre. Gjeld 15-25% av alle barn og unge. Intensive, i periodar.

**Indikert (indikativ) førebygging** er spesifikke hjelpe- og støttetiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem. Gjeld 1-3% av alle barn og unge. Varige.



Tiltaka må spesifiserast og tilpassast utifrå alder og vanskeområde på alle nivå. Tidleg førebyggande innsats kan setjast inn på alle nivå. Kunnskap om ulike risiko- og beskyttelsesfaktorar er i stor grad ein føresetnad for å kunne setje inn tiltak tidleg, før problema utviklar seg.

## 3.2 Kommunen sitt ansvar og plikt til førebygging

Den beste starten for eit godt vaksenliv er tryggleiken ein opplev i barndommen der mykje av grunnlaget for korleis barn utviklar seg, blir lagt, kor trygge dei blir i møte med verda, kva for styrke dei ber med seg og kva dei kan kome til å slite med. Korleis foreldra utøver si rolle er difor ein grunnleggande premiss for barn sine oppvekstvilkår.

Trygge foreldre bidreg til ein god og trygg oppvekst for barn og unge. Når omsorgsgjevaren blir sikrare og meir kompetent, aukar sjansen for at barna utviklar meir sjølvtilleit, eit naturleg kjensleliv, ei betre evne til å takle motgang, og gode sosiale ferdigheter. Motsett kan ein barndom prega av foreldra si utryggheit og stress, ha alvorlege konsekvensar for barnet si helse og personlege utvikling.

Hjelp til foreldre skal setjast inn så tidleg som råd; tidleg i svangerskapet, i foreldreskapet og tidleg i barnets liv. Dette for å førebygge at problem oppstår. Førebygging er samfunnsøkonomisk lønsamt fordi det reduserer behovet for meir kostbare tiltak på eit seinare tidspunkt.

Foreldra må sjåast på som ein ressurs og den viktigaste samarbeidspartnar i laget rundt barnet. Foreldreoppgåva innehold mange små og store utfordringar, og mange av utfordringane kan ein som forelder ikkje være førebudd på. Det er difor viktig at kommunen har gode tilbod og tiltak som sikrar førebygging og støtte i svangerskap, i overgangen til å bli foreldre, i dei fyrste leveåra, ved overgangar i barnehage og skule og ved overgang til vaksenlivet.

Foreldre vil ha ulikt behov for rettleiing og støtte, og kommunen vil og må difor utvikle og ta i bruk ulike tiltak i tillegg til å oppretthalde og heve kompetansen når det gjeld foreldrestøtte. Helsestasjonen kjenner godt alle familiarar og kan stø dei i utfordringane dei står i og styrke dei ressursane dei har gjennom helsestasjonsprogrammet.

Helsestasjonstenestene jobbar universelt og tverrfagleg. Jordmødre og helsejukepleiarar jobbar i nær kontakt med foreldra, og det betyr at tillit og kommunikasjon er nøkkelen til eit godt foreldresamarbeid. Foreldra si oppfatning av heimesituasjonen og av barnet si utvikling, språk og interaksjon med andre er avgjerande for å fange opp moglege utfordringar hos dei minste barna.

Det er gjennom foreldresamarbeid at behovet for tidleg innsats kan identifiserast og realiserast i dei første åra. Ved behov for ekstra oppfølging eller ekstra støtte i foreldrerolla søker helsestasjonen samarbeid med andre faginstansar som PPT, barnevern og familievernkontor.

Barnehage, skule og SFO er barns viktigaste kvar-dagsarena utanfor heimen og skal sikra at alle barn

og unge har moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel. Desse arenaene, saman med mellom anna organiserte fritidsaktivitetar, er beskyttelsesfaktorar og viktige både for å forebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar og for å oppdage dei første teikna til bekymring for barns omsorgssituasjon.

Ein føresetnad for eit godt oppvekstmiljø er eit tett samspel mellom kommunen og dei positive krefte i lokalsamfunnet, som frivillige organisasjonar, barn og ungdom sjølv, foreldre, interessegrupper og eldsjeler. Engasjement og trygge møteplassar der barn og unge kan delta skapar og held oppe aktive lokalsamfunn.

Kommunen skal legge til rette for møteplassar utan barrierar for deltaking. For kommunen blir det viktig å samarbeida med og utløysa dei ressursane som ligg i frivillig sektor og i familien. Folkehelselova pålegg kommunane å leggje til rette for samarbeid med frivillige organisasjonar.

Førebyggjande tiltak kan dekke fleire formål samstundes – til dømes kan eit tiltak for å fremje psykisk helse både forebygge omsorgssvikt og ivareta folkehelsa, og styrke barnets tryggleik i barnehage eller skule. Kommunane har og skal utvikle eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggjande arbeidet gjennom sine tiltak og tenester.

### 3.2.1 Mobbing og krenkande åtferd

Dei fleste barn og unge trivst i norske barnehagar og skular. Regelverket pålegg barnehagar og skular å fremja trygge og gode barnehage- og skulemiljø, førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar. Foreldra skal vera trygge på at når barnehagen eller skulen deltek i omsorga for barna deira, så skal desse arenaene jobba aktivt med å gi trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Trass i dette opplever ein del barn og unge å bli utsett for mobbing og andre krenkingar i opplæringsløpet.

Tidleg innsats inneber at det blir jobba systematisk og at tiltak blir sett inn tidleg for å fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø, førebygge og handtere mobbing. Vågå kommune har delteke i utviklingsprosjektet Inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage i regi av Utdanningsdirektoratet i eit nettverk saman med Statsforvalteren, samarbeidande kommunar og regional PPT i prosjektperiode frå desember 2016 til desember 2018.

Alle skular og barnehagar i Vågå deltok, og det blei utarbeidd ein **Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd i barnehagane og skulane i Vågå** i 2019 som beskriv system og rutinar for å handtere mobbing og krenkande åtferd.

Vågå er MOT-kommune og jobbar for å styrke ungdom si robustheit og motstandskraft og å skape klassekulturar og skulemiljø der alle er inkludert. MOT sine program er godt forankra i fagfornyinga og overordna del av læreplanen og er eit systematisk verktøy for å jobbe med sosial læring og hindre utanforskap og mobbing. MOT svarar og på nasjonale føringar med fokus på å styrke barn og unge si psykisk helse og livsmeistring.

### 3.2.2 Skulefråvær og førebygging av fråfall i vidaregåande skule

Det må jobbast aktivt for å legge grunnlag for utdanningsløpet alt i skule- og barnehagealder. Tidleg innsats i barnehage og skule kan bidra til å auke andelen unge som gjennomfører vidaregåande skule som eit godt grunnlag for å meistre vaksenlivet.

Forsking viser at kunnskapane til elevane og ferdighetei fra grunnskulen, målt i karakterar på 10. trinn, har sterkest direkte effekt på om ein elev gjennomfører vidaregåande opplæring. Elevar med låge karakterar fra grunnskulen er derfor ei risiko-gruppe når det gjeld å fullføre vidaregåande opplæring. Skulane må difor jobbe systematisk for å auke læringstrykket på alle steg og redusere skulefråvær.

Vågåskulane har utarbeidd ein rettleiar ved bekymringsfullt fråvær i skulen som eit førebyggande tiltak for å unngå skulevegring og fråfall i grunnskulen og vidaregåande skule. Formålet med rettleiarene er å understreke betydninga av nærvær på skulen, skape gode rutinar der føresette veit kva som er forventa og å hjelpe barn og unge ut av vanskar som gjev fråvær frå skulen for å legge grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Vågå kommune har eigen LOS-koordinator med støtte frå Bufdir, som har eit særleg ansvar for ungdom mellom 10 og 24 år med behov for ekstra støtte for å styrke skuletilknyting, trivsel og meistring gjennom tilrettelagt oppfølging og rettleiing i og utanfor skulen.

# 4 KJERNETENESTENE I OPPVEKSTSEKTOREN

Kjernetenestene knytt til barn og unge i Vågå kommune er primært barnehage, skule, helsestasjon og kulturskule. Dette er tenester som alle er nær barn og deira familiar gjennom oppveksten, og som i størst mogleg grad arbeidar førebyggande.

PPT og barnevernstenesta er også kjernetenester, på same tid jobbar dei utover det førebyggande. I tillegg er det ei rekke andre tenester som er involvert i støttefunksjonane i laget rundt barnet.

Det er avgjerande at kjernetenestene er organisert slik at samanhengen mellom dei kjem tydeleg fram. Det er særleg viktig at silotanngangen om at helsetasjonen er ei helseteneste, at kulturskulen er kultur og at skule og barnehage er oppveksttenester, blir endra til å sjå alle som oppveksttenester.

Dette vil krevje auka samhandling på tvers og at terskelen for å ta kontakt skal vere lågast mogleg slik at dei ulike fagområda og perspektiva blir del av det faglege vurderingsgrunnlaget for tiltak som blir sett i verk.



## 4.1 Kommunale og interkommunale tenester

- Vågåmo barneskule og Vågå ungdomsskule (inkl interne støttesystem: Overordna miljøretteiar, LOS-koordinator)
- Barnehagane Søre Grindstugu, Lalm og Tytingen (privat)
- Vågå helsetasjon (skulehelsetenesta, helsetasjon for ungdom og svangerskap-somsorg)
- Vågå kulturskule
- Barnevernstenesta for kommunane Sel, Vågå, Lom og Skjåk
- PPT (pedagogisk psykologisk teneste) for Nord-Gudbrandsdal
- Ergo- og fysioterapitenesta
- Vågå legekontor
- Vågå tildelingskontor
- Psykisk helseteneste
- Kommunepsykolog
- Miljøterapitenesta
- Heimesjukepleia
- Barnekoordinator
- NAV
- Flyktningtenesta og voksenopplæringa
- Vågå folkebibliotek
- Friviljugsentralen
- Folkehelsekoordinator
- Ungdomskonsulent/ungdomsklubb
- Ungdomsråd

## 4.2 Tenester som ikkje er kommunale, men som er ein del av støttefunksjonane

- Politiet
- Tannklinikken Vågå
- BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) Otta, Sykehuset Innlandet
- Friviljuge lag og organisasjonar
- Familievernkontoret Otta SKF
- Gudbrandsdal krisesenter IKS
- Habiliteringstjenesten
- Statped

# 5 TVERRFAGLEG SAMARBEID I VÅGÅ KOMMUNE

Det er ein god tverrfagleg samarbeidskultur i kommunen, m.a. gjennom **tverrfagleg ressursgruppe** som har faste møte kvar 2. veke med deltararar frå barnevern, PPT, helsestasjon, psykolog og representantar frå skule/ barnehage som drøfter saker på individnivå.

Det er etablert eit **tverrfagleg samarbeidsforum** med representantar frå skule, barnehage, helsestasjon og alle støttefunksjonar i laget rundt barnet som samarbeider på systemnivå.

Samarbeidsforumet jobbar med å utarbeide ei felles forståing av kva oppvekstreforma inneber for den enkelte teneste, og å utvikle gode system og rutinar for det tverrfaglege samarbeidet på systemnivå. Dei ulike tenestene som arbeider kring barn, unge og deira familiar har ei rekke verktøykasser og verktøy som dei nyttar kvar for seg, eller i samhandling.

I **Tiltaksbank for Vågå kommune** er det beskrive tiltak på grønt, gult og raudt nivå som ei verktøykasse for tenestene og dei tilsette til bruk i kvardagen.

Kommunalsjef for barnehage, utdanning og kultur møter rektorar og barnehagestyrarar i faste **rektor- og styrarmøte** kvar 4. uke for drøftingar, situasjonsrapport, utviklingsarbeid, analyser mm.

**Tildelingskontoret** har regelmessige møte med tenestene innan helse og meistring. Helsestasjon, barnekoordinator og andre fagtenester deltek ved vurdering av tenestebehov til barn, unge og familiar med behov for langvarige koordinerte tenester.

**Barnekoordinator eller alminneleg koordinator** har som oppgåve å koordinere det samla tenestetilbodet til det enkelte barn, ungdom og deira familie. Retten til barnekoordinator kom som ei følge av endringar i velferdstenestelovene frå 2022. Føremålet med desse endringane er å styrke oppfølging av utsette barn, unge og deira familiar.

**Faste møte i dei regionale fora i Nord-Gudbrandsdal.** I 6k helse og 6k oppvekst deltek alle kommunalsjefane innen helse og oppvekst. 6k helse og 6k oppvekst har også nokre felles møte i året, også sammen med komunedirektørutvalget i regionen.



# 6 SYSTEM OG RUTINAR

Vågå kommune skal etablere system og rutinar som skal bygge opp om det operative planverket gjennom:

- Modellar for analyse og tiltak
- System for samhandling
- Kompetanse i å bygge trygge barn og trygge relasjonar

## 6.1 Modellar for analyse og tiltak

I den regionale strategien for førebygging og tidleg innsats er det berande prinsippet betre tverrfagleg samhandling gjennom styrkingstiltak på dei naturlege arenaene til barnet. Kvar kommune må styrke barnehagen og skulen si kompetanse, og med det eige ansvar for å analysere og iverksette tiltak, slik at støttetenestene si kompetanse blir brukt der det er størst behov. Fellesskapane didaktikk skal vere eit gjennomgåande prinsipp i barnehage og skule, dvs korleis bygge laget med faget.

### Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Barnehage og skule er viktige inkluderingsarenaer. Inkludering betyr at kvart barn skal oppleve tryggleik, tilhørsel og meistring. Kvar og ein skal møtast og respekterast ut frå eigne føresetnader.

Alle barn må vere trygge på at dei har ein plass i klassa, eller i gruppa si. Dei må ta vare på kvarandre på ein slik måte at det er trygt å vere den dei er, og dei må heie på og støtte kvarandre.

På same tid er også dei føresette og andre arenaer i lokalsamfunnet viktige for at barna skal forstå at alle vaksne rundt dei støttar dei og gjev dei ei kjensle av å høyre til.

Dette gjeld både tilsette i skulen, barnehagen og andre tenester, andre føresette i klassa eller gruppa, samt trenarar eller instruktørar i fri-tidsaktivitetar.

### Tryggleikssirkelen

Alle tilsette i laget rundt barnet skal møte barna ved å vere utviklingsstøttande gjennom kunnskap om Tryggleikssirkelen. Alle føresette skal få tilbod om opplæring.

### Toleransevindauget

Alle barn skal møtast med forståing for kjensler og reaksjonar. Alle tilsette i laget rundt barnet skal ha kunnskap om over- og underaktivering, samt korleis ein kan jobbe med regulering.

### Haldningsskapande program

Kommunen skal bruke haldningsskapande program som t.d. MOT eller UTSETT for at barn skal utvikle seg til å bli robuste og lære å gjere gode val, og for å forebygge utanforskap og rusproblematikk.

### GROW-modellen

Dette er ein modell for aktiv problemløysing som skal brukast i ulike samarbeids-møte. GROW står for mål, status, moglegheiter og forpliktingar.

### Pedagogisk analyse

Dette er ein forskningsbasert modell for å kartlegge opp-rettihaldande faktorar og velje fagleg grunngjevne tiltak. Ved saker som blir vurdert til støttetenester skal pedagogisk analyse gjennomførast, oppretthaldande faktorar analyserast og tiltak prøvast ut på førehand.



## 6.2 System for samhandling

Det er viktig at tverrfagleg samhandling er systematisk og føreseieleg både innanfor førebygging, tidleg innsats og vidare innsats. Tenestene skal jobbe saman for å ivareta sine eigne oppgåver rundt barn og familiar, men også for å hjelpe dei andre tenestene til å ivareta sine oppgåver.

### 6.2.1 Interne støttesystem

Vågå kommune har sett i verk fleire tiltak i tråd med Oppvekstreformen, med fokus på å styrke det tverrfaglege samarbeidet knytt til tidleg innsats og førebyggande arbeid:

- Skule og barnehage er i gang med å kartlege interne ressurspersonar som kan nyttast på tvers for å etablere interne støttesystem
- Styrka helsestasjon/skulehelseteneste for auka tilgjengeleghet gjennom nærvær der barn og unge er. Det er låg terskel for kontakt/bistand både på individ- og systemnivå
- Tilsett overordna miljørettleiar/rådgjevar i Vågåskulane som del av å styrke laget rundt barn, føresette og tilsette i det daglege. Fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid på systemnivå, bistå med rettleiing, støtte og hjelp etter behov. Tverrfagleg samarbeid
- PPT har faste dagar ute i barnehage og skule for å observere og gje faglege både på system- og individnivå
- Under utvikling: Tverrfagleg støtteteam, fag/sosiale-/fråværsteam som kan nyttast på tvers, etter behov

I tillegg har skulane LOS-funksjon og tilsette med anna tverrfagleg kompetanse tilgjengeleg.

Barnehagane og helsestasjonen har under utvikling gode rutinar og informasjonsdeling rundt oppfølging rundt overgang frå heim til barnehage slik at barn som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging blir kartlagt så tidleg som råd.

### 6.2.2 Betre tverrfagleg innsats, BTI-modellen

For å ha klåre rutinar, system og prosedyrar skal det utformast ein samhandlingsmodell som er basert på Korus Øst sin BTI-modell for å betre den tverrfaglege innsatsen i og mellom tenester retta mot barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

**Tidleg innsats** handlar om å førebyggja meir og å avdekke vanskar tidlegare, hos både barn, unge og familiar som vi kjenner ei uro for. Tidleg innsats kan både handle om å oppdage vanskar i tidleg alder, og å oppdage vanskar tidleg i ei risikoutvikling. Det kan vere forhold i heimen, eigenskapar ved barnet/ungdommen/familien, eller miljøet i barnehagen/skulen eller på fritida som skaper utfordringar.

Heimen, helsestasjonen, barnehagen og skulen har difor ei sentral rolle både i å oppdage vanskar og å følgje dei opp. Hjelpetiltaka som blir sette i verk har fokus på å styrke beskyttande faktorar og redusere risikofaktorar rundt barnet/ungdommen/familien.

**Samordna tenester** handlar om å betre samarbeidet og ikkje minst framdrifta når kommunale basistenester (f.eks. helsestasjon, skule, barnehage) og hjelpetenester (f.eks. helseteneste, PPT, barnevern, LOS-koordinator) i fellesskap



skal hjelpe barn/ungdom/familiar gjennom vanskar. Med ein klar struktur bidrar BTI-modellen til styrke samhandling mellom tenester, slik at dei jobbar målretta, effektivt og heilskapleg – og utan at det oppstår avbrot i oppfølginga.

**Foreldreinvolvering** handlar om at BTI-modellen er basert på at foreldre/føresette i utgangspunktet alltid skal vere ein del av løysinga på eit problem.

Det blir difor lagt stor vekt på at dei kommunale verksemndene/tenestene skal samhandle med foreldra gjennom hjelpeprosessen, og at foreldra skal involverast på eit tidleg tidspunkt etter at uroa for barnet/ungdomen har oppstått.

Foreldreinvolvering inneber også at foreldre på eige initiativ kan involvera kommunale verksemder/tenester dersom dei er bekymra for eigne eller andre sine barn.

BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsrettleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette.

**Grunnmodellen** i BTI skildrar korleis samhandlinga kan leggast til rette på fire forskjellige nivå, avhengig av omfanget på vanskane som skal løysast og talet på aktørar som skal involverast.

Modellen beskriv systematisk kva for tiltak og arbeidsmetodar som skal setjast i verk når det oppstår ei uro, alt frå kva den enkelte tilsette bør gjere, korleis uroa skal delast med føresette og eventuelt andre tenester, til korleis samhandling mellom fleire tenester skal gå føre seg.

Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafethaldaren, har ansvar for å koordinera den tverrfaglege samhandlinga og dokumentere arbeidet i ein stafettlogg.

Det er fire nivå i modellen, sjå figuren. Denne viser at det tverrfaglege samarbeidet kan vere meir eller mindre omfattande og involvere få eller mange tenester eller instansar.

Inndelinga i nivå og kompleksiteten i samarbeidet er illustrert med puslespelbrikker, der kvar og ein er nødvendig med tanke på heilskapleg og koordinert innsats.

Brikkene i figuren symboliserer nivåa og tal på tenester som involverast. Dei ulike nivåa blir litt saman av den loddrette brikka som strekk seg mellom nivåa.

Denne symboliserer stafethaldaren og stafettloggen som skal sikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga.



Nivå 3

*Omfattende tverrfagleg mellom fleire tenester*

Nivå 2

*Enkelt tverrfagleg samarbeid, som regel mellom to tenester*

Nivå 1

*Intern innsats som blir sett i gang på eigen arbeidsstad*

Nivå 0

*Avklaringsfasa for den tilsette, som blir merksam på ei uro og undring. Den det gjeld skal involverast så tidleg som råd*


**Handlingsrettleiaren** (BTI-rettleiaren) er sjølve oppskrifta på korleis vi skal gå fram i konkrete tilfelle der vi er bekymra for barn/ungdom/familiar.

Rettleiaren skildrar strukturane og prosesane vi skal nytte oss av i arbeidet med barn og unge, både innafor kvar enkelt teneste og mellom tenestene.

## Betre tverrfagleg innsats (BTI)

BTI-modellen støttar opp om aktivitetsplikta som allereie gjeld i barnehage og skule.

Modellen beskriv det tverrfaglege samarbeidet som skal styrkast i kommunane.



**Verktøya** er dei konkrete hjelpe midlane vi kan og bør nytte i det daglege arbeidet med BTI-saker.

Verktøya inkluderer spesifikke metodar eller rutinar som støttar handlingane i BTI-prosesen, heilt frå fasen der vi oppdagar og vurderer ei uro og vidare gjennom fasane med å avgjera, setja i verk og evaluera hjelpetiltak. Vi snakkar her om alt frå konkrete tips og råd til korleis vi samtalar med barn og unge til mal for korleis vi kallar inn og gjennomfører møte.

### Kompetansen

Ein føresetnad for at vi kan bruka BTI-modellen, er at medarbeidarane i kommunen har kompetanse. Vi snakkar om to typar kompetanse:

Kompetanse til å forstå og bruka samarbeidsstrukturane i BTI-modellen og kompetanse til å utføre oppgåvene som ligg innanfor dei ulike prosessane i modellen.

Dette inneber at vi må ha evner til å oppdaga barn/unge/familiar som gir oss ei bekymring, til å samtale med barn/unge og føresette, og vi må vere i stand til å gjera oss nytte av hjelpetiltak og andre hjelpetenester der dette er nødvendig. Sjå for øvrig kap. 6.3.

### Stafethaldaren

For å sikre at barn, unge, gravide og føresette veit kven dei skal kontakte når dei følgjast opp av ein eller fleire tenester, skal det peikast ut ein stafethaldar (koordinator) som har ansvar for å sikre overblikk og samanheng i oppfølging av det enkelte barn og familien, og at både barn og vaksne føler seg ivareteke.

Stafethaldaren peikast ut frå nivå1 i BTI-modellen når det setjast i gang tiltak rundt et barn/ungdom/gravid.

På nivå 1 og 2 bør stafethaldaren vere nær barnet i kvardagen, t.d. kontaktlærar, pedagog i bh, helsejukepleiar. På nivå 3 blir stafethaldaren peika ut i tverrfagleg ressursgruppe.

Stafethaldaren er ansvarleg for å:

- invitere inn til koordinerings- og evalueringsmøte, står for dagsorden og leiing
- skrive referat, følgjer med på tidsfristar blir halden og at tiltak evaluerast
- invitere inn andre tenester etter behov og koordinerer det tverrfaglege arbeidet
- involvere barn/unge og foreldre i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak
- sikre at ein voksen har dialog med barnet/ungdommen mellom møta
- halde kontakt med familien og tenestene som er involvert i nettverket rundt

Når oppfølginga av barnet/ungdommen/familien går over til eit nytt nivå i BTI-modellen skal det i samråd med dei det gjeld avklarast kven som skal vere stafethaldar vidare, ut i frå barnet/ungdommens/familiens ønskjer, karakter og omfang av tiltak og forventa koordineringsbehov.

### 6.2.3 Digital regional plattform

Det skal utviklast ein digital regional plattform med nettsider for kvar enkelt kommune som skal være ein ressursnettstad for barn og unge, vaksne og tilsette som jobbar med og rundt barn og unge. Nettstaden skal innehalde tips og råd, system og rutinar, malar og modellar som skal bidra til å operasjonalisere handlingsplanen for førebygging og tidleg innsats.

## 6.3 Kompetanse i å bygge trygge barn og trygge relasjonar

Det er grunnleggande at dei tilsette i tenestene sit med kompetanse om korleis ein skal bygge trygge barn gjennom trygge relasjonar. Alle tenestene som er i kjernen av oppvekst skal ha denne kompetansen slik at dei kan møte barn og deira familiar på lik måte, men også for at dei kan prate tverrfagleg ut frå ein felles fagleg ståstad. Det er i tillegg ein fordel om fleire tenester rundt barnet og familien kan ha denne kompetansen.

Kommunen skal styrke barnehagen og skulen si kompetanse, og med det eige ansvar for å analysere og iverksette tiltak, slik at støttetenes tene si kompetanse blir brukt der det er størst behov.

For at tilsette særleg i skule og barnehage, men også i andre tenester, skal kunne kome tidlegast mogleg inn med målretta tiltak når dei kjenner på uro for eit barn eller ei gruppe barn, er det viktig at dei har nødvendig kompetanse.

Alle tilsette bør ha grunnkompetanse/minimumskunnskap om korleis byggje gode og trygge relasjoner.

Vågå skal etablere gode interne system for tidleg oppdaging/identifisering, tidleg intervension, riktige tiltak og trenere tilsette i skule og barnehage, men også andre ressurspersonar, i modellar for analyse og tiltak.

Slike analyser skal utførast i alle saker som gjeld det psykososiale miljøet i barnehage og skule, og i alle saker som blir vurdert inn mot PPT og barnevern (dette gjeld ikkje akutte barnevernsmeldingar).

Det skal byggast kompetanse og støttesystem tett på alle barn og unge med behov gjennom den regionale satsinga Kompetanseløftet i barnehagar og skular.



Førebygging og tidleg innsats er berande prinsipp for betre tverrfagleg samhandling gjennom styrkingstiltak på dei naturlege arenaene til barnet.

Alle føresette skal få tilbod om foreldrerettleiring på eit grunnleggande nivå, som eit førebyggande tiltak.



# TILTAKSBANK FOR VÅGÅ KOMMUNE

NIVÅ      TILTAK

## Grønt tiltaksnivå - universell førebygging

### Helsestasjonen:

#### Svangerskapsomsorg

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/svangerskapsomsorgsen>

- Fødselsførebuande/kurs i samarbeid med Lom og Skjåk kommune
- Kartlegging av levevaner (kost, alkohol og livssituasjon)
- EPDS
- Foredrerolla: Stine Sofie foreldrepakke
- Heimebesøk, etterkontroll og prevensjons veildening

#### Helsestasjonsprogrammet og skulehelsetenesta

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/psykisk-helsearbeid-barn-og-unge>

#### Flyktninger

mottak og oppfølging: Barn under 18 år og foreldre/førestre <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/helsetjenester-til-asylsokere-flyktninger-og-familiegjenforente>

#### 0 – 5 år

- Ammekyndig helsestasjon
- EPDS
- I trygge hender
- Cos-p (trygghetsirkel – foreldrerettleatings program og bruk i klinisk arbeid)
- Cos-p (ind. og gruppe) og Cos skule
- TWEAK
- Grupper 4 – 5 åringer (fysioterapeut)

#### Skulehelseteneste

- Foreldrenettverksmøte 1. steg (tidlig foreldremøte)
- Helsedag 3.steg
- Helsesamtale 3.steg
- Sinna Mann 3. steg (film)
- Foreldremøte 7. steg
- Foreldremøte 8. steg
- Helse/Trivsel samtale 8. steg
- Psykologisk førstehjelp
- Verdsdagen for psykisk helse
- Undervisning om psykisk helse og seksuell helse

Helsestasjon for ungdom (HFU)

Barnekoordinator

## NIVÅ TILTAK

# Grønt tiltaksnivå - universell førebygging

### **Barnehagen:**

Barnesamtalar med 4- og 5-åringane  
Foreldresamtalar  
Rutinar ved overgangar  
Årshjul for inkluderande barnehagemiljø  
System for oppfølging/kartlegging/dokumentasjon  
Plan for psykososialt barnehagemiljø.

### **Vågåskulen:**

Overordna miljørettleiar/rådgjevar  
Foreldreskulen for føresette til elevar i 1. klasse  
Faglege kartleggingar  
Elevsamtaler  
Utviklingssamtalar med foreldre  
Spekter (elevundersøking)  
MOT  
UTSETT

### **PPT:**

Deltaking på kompetanseheving/kurs  
Tverrfagleg ressursgruppe  
Samarbeid 6K Oppvekst og helse  
Samarbeidsdagar skule/barnehage  
Foreldrenettverksmøte 1. steg

### **NAV:**

Økonomisk råd og rettleiing  
Arbeidsretta aktivitet  
Oppfølgingstenesta (OT) for elevar i vidaregåande skule

### **Kommunepsykolog:**

#### *Generelt:*

Konsultasjon  
Rettleiing  
Kompetanseutvikling til kommunale tenesteytarar innan helse- og omsorgstenester, skule og barnehage, tenesteytarar for born, ungdom og familiar samt legeteneste

#### *Individnivå:*

Konsultasjonar  
Kartlegging og utgreiing av tenestebehov  
Avgrensa kliniske tenester etter vurdering av hensiktsmessighet og behov  
Tverrfagleg ressursgruppe

## NIVÅ TILTAK

### Grønt tiltaksnivå - universell førebygging

*Systemnivå:*

Rådgjeving

Rettleiing

Kompetanseutvikling til tilsette i helse- og oppvekstsektoren

Drøfting og faglege innspeil til tenesteleiing og administrasjon

Representasjon i systemmøte og samhandlingsfora på kommunalt og overordna nivå  
(interkommunalt, regionalt og fylkeskommunale eller statlege tenestenivå)

**Barnevern:**

*Individnivå:*

Tverrfagleg ressursgruppe

Tilgjengeleg for rettleiing for føresette

*Systemnivå:*

Utvikling og framlegg av tilstandsrapport for barnevernet

Fast deltaking i samhandlingsfora rundt barn og unges oppvekstmiljø

Deltaking i foreldreskulen for 1. klasse foreldre

Rettleiing til tilsette

Faste samarbeidsmøte med helsestasjon, NAV, skoler og barnehage



## NIVÅ

## TILTAK

# Gultt tiltaksnivå - selektiv førebygging

### Helsestasjonen:

Som på grønt

Kommunepsykolog i helsestasjon

- Barn i risiko – oppfølging av barn og føresette
- TIBIR kartlegging av adferd og foreldre rettleiing
- Barn som pårørendegruppe
- Individuelle samtaler/gruppesamtaler
- Konsultere Barnet i mente/sped- og småbarnsteam/spesialisthelseteenesta slik som barnele-gane på Lillehammer, ØNH Gjøvik, bup, hab, kommunepsykolog
- Kognitiv adferdsterapi: Mestringskatten, psykologisk førstehjelp (ind.og gruppe), Endrings-huset, abc-modellen
- Ressursgruppe
- ABC-test – motorisk test

### Barnehage:

Tettare oppfølging med samtaler og rettleiing av foreldre

Observasjonsmetodar og kartleggingsverktøy

Drøfting med PPT, helsestasjon, barnevern, ressursgruppe etter samtykke frå foreldre

Tilrådd barnehageplass av andre instansar

### Vågåskulen:

Overordna miljørettleiar/rådgjevar

Djupare fagleg kartlegging

Observasjon

Ekstra samtale med foreldre/føresette

Drøfting med PPT

Intensive lese- og reknekurs

Bruk av diverse hjelphemiddel

Drøfting med helsejukepleiar

Bruk av ressursgruppe

LOS-koordinator

### PPT:

Rettleiing kring barnegruppe og vaksenrolla

Kartlegging av kva som er gjort

Lesekurs

Arbeid med grupper eller barn etter samtykke av foreldre

### NAV:

Frivillig forvaltning

Arbeidsretta aktivitet som vilkår for stønad

Bruk av ressursgruppe

Startlån

Refinansiering av gjeld

## Gultt tiltaksnivå - selektiv førebygging

### Kommunepsykolog:

*Systemnivå:*

Rådgjeving

Drøfting og faglege innspel og vurderinger til kommunal tenesteleiing og administrasjon.  
Representasjon i systemmøte og samhandlingsfora på kommunalt og overordna nivå  
(interkommunalt, regionalt og fylkeskommunale eller statlige tenestenivå )

*Individnivå:*

Kartlegging og utgreiing av tenestebehov

Avgrensa kliniske tenester etter vurdering av hensiktsmessighet og behov

Deltaking i ressursgruppa

### Barnevern:

Undersøking av bekymringsmelding – kartlegging av barnets totale omsorgssituasjon ved samtaler med barnet, føresette og innhenting av opplysninger frå aktuelle instanser

- Familieråd
- Ulike forelderrettleatingsprogram: PYC (parenting young children, Tibir (tidlig innsats for barn i risiko, PMTO (parent manegment training), ICDP, traumesensetiv tilnærming, MST (multi systemisk terapi – ungdom)
- Miljøterapeut/-arbeider
- Fritidskontakt
- Besøksheim
- Deltaking i ansvarsgruppe
- Tilvising til BUP
- Rettleiling av personell i barnehage og skule (PMTO)



## Rødt tiltaksnivå - indikert førebygging

**Helsestasjonen:**  
Som på grønt og gult

- Vidertilvisning/samarbeid andre instansar
- Koordinatorfunksjon
- Konsultere Barnet i mente/sped- og småbarnsteam/spesialisthelseteenesta slik som barnele-gane på Lillehammer, ØNH Gjøvik, bup, hab, kommunepsykolog.

**NAV:**  
Tvungen forvaltning  
Bekymringsmelding til barnevern

**PPT:**  
Utgreiing av utfordringar:

- Kartlegging, testar, samt tolking og utarbeiding av tiltak
- Observasjonar
- Samtalar og innhenting av opplysningar frå tilsette/pedagogar, barn/elev, foreldre/føresette og andre samarbeidspartar som helsejukepleiar, lege, BUP
- Vidare tilvising til BUP, Statped, kompetansesenter, habiliteringsteneste
- Behov for tenester av lengre art; spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp, ansvarsgruppe, IP
- Sakkunnig tilråding

**Vågåskulen:**  
Melding til PPT/barnevern  
Vedtak om spesialundervisning  
Bruk av ressursgruppe  
Overordna miljørettleiar/rådgjevar  
LOS-koordinator

**Barnehagen:**  
Melding til barnevern og PPT  
Ressursgruppe

## Rødt tiltaksnivå - indikert førebygging

### Kommunepsykolog:

Generelt: Konsultasjon, rettleiing, kompetanseutvikling til kommunale tjenesteytarar innan helse- og omsorgstenester, skule og barnehage, tenesteytarar for barn, ungdom og familiar, lege-teneste

#### *Systemnivå:*

##### Rådgjeving

Drøfting og faglege innspel/ vurderingar til kommunal tenesteleiing og administrasjon  
Representasjon i systemmøte og samhandlingsfora på kommunalt og overordna nivå  
(Interkommunalt, regionalt, fylkeskommunalt eller statleg tenestenivå )

#### *Individnivå:*

Kartlegging og utgreiing av tenestebehov

Avgrensa kliniske tenester etter vurdering av hensiktsmessigheit og behov

Ressursgruppe

### Barnevern:

Undersøking av bekymringsmelding – kartlegging av barnets totale omsorgssituasjon ved samtaler med barnet, føresette og innhenting av opplysninger fra aktuelle instansar

#### Sette i verk nødvendige tiltak:

- Familieråd
- Ulike foreldrerettleiingsprogram: - PMTO (parent manegment training), traumesensetiv tilnærming, MST (multi systemisk terapi – ungdom)
- Miljøterapeut/-arbeider
- Familierettleiar/-terapeut
- Fritidskontakt
- Besøksheim
- Deltaking i ansvarsgruppe
- Tilvising til BUP
- Akutte tiltak
- Fosterheim
- Institusjon

Rettleiing av personell i barnehage og skule (PMTO)

